



ULSTEIN KOMMUNE
Rådmannen

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.

0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

1 4. SEP. 2004

Saksnr.
Arkivnr.

04,1847-45

Ulsteinvik, 09.09.2004

<i>Arkivsak nr.:</i> Løpenr.	<i>Arkivkode</i>	<i>Vår ref.</i>	<i>Dykkar ref.</i>
04/01002	009879/04	203 &13/	ADM/SEK/DHØAD

**SAMLA SAKSFRAMSTILLING - NOU 2004:12 - BETRE SK... -
HØYRINGSUTTALE**

FØLGJEBREV

Vedlagt ligg vedtak frå Ulstein Formannskap i høve høyringsutale i overnemnde sak, samt saksframlegg i samme sak.

Med helsing

Hans Jakob Sandanger
rådmann


Doris Høybakk
sekretær

Kopi: Kommunens sentralforbund.

Postadresse:	Telefon ekspedisjon:	Tlf. sakshandsamar:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:
Postboks 143 6067 Ulsteinvik	70 01 75 00	70 01 75 47	70 01 75 11	NO 964 979 456 NO 971 28 882 m.v.a.

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 04/01002

KOMMUNAL SKATTEINNKREVJING/IKKJE STATLEGGJERING - HØYRING

Sakhandsamar: Verner Larsen	Arkivkode: 203 &13	
Utvalsak Utval		Møtedato
04/0089	Formannskapet	07.09.2004

Vedtak/handsaming i Formannskapet den 07.09.2004

Tilråding frå Formannskapet:

1. Ulstein Formannskap rår til at skatteoppgåvene som er omhandla i NOU 2004:12 framleis skal bli utført av kommunane. Formannskapet kan ikkje sjå at ei statleggjering av desse oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre innfordringsresultat enn det kommunane oppnår i dag.
2. Erfaringane ein har med skatteinnkrevjing lagt til kommunen er positive. Moment som omsynet til innbyggerane sin rettstryggleik, skatteinnkrevjinga sin brukarvennleg heit, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom innsyn og kontroll av folkevalde, og fleksibilitet med omsyn til innfordring av skattekrav gjer at Formannskapet i Ulstein går inn for at skatteinnkrevjinga framleis skal være ei kommunal oppgåve.
3. Ulempene med statleggjering av skatteinnkrevjinga er større enn fordelane. Dette gjelder både for kommunen og for innbyggerane. Dei fordelane som er vist kan ein oppnå med interkommunalt samarbeid. Dette er betre enn om staten tek over oppgåvene.
4. Staten bør i denne prosessen sjå kommunane som eit talerøyr for innbyggerane . Formannskapet føreset at staten lyttar til, og legg vekt på lokalnivået og brukarane sitt beste i den vidare handsaminga av saka.

Handsaming i Formannskapet:

Tilrådinga frå Rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

Ulstein kommune

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar : *Verner Larsen*
Arkivsak *04/01002*

Arkiv: *203 &13*
Løpenr.: *009572/04*

Saka gjeld: **NOU 2004:12 - BETRE SKATTEOPPKREVJING - HØYRINGSUTTALE**

Vedlegg prenta:

1. NOU 2004:12 Kapittel 2 Samandrag

Ikkje vedlagde saksdokument:

- 1.

Saka vert lagt fram for Formannskapet ut frå Ulstein kommune sitt delegasjonsreglement der høyringsuttaler i denne type saker er lagt til dette politiske organet.

Oppsummering:

Skatteoppkrevjarutvalet leverte si innstilling i NOU 2004:12 den 12.mai 2004. Saka er no ute til høyring med høyringsfrist 1.oktober. Utvalet leverte delt innstilling. Fleirtalet i utvalet ville statleggjere skatteinnkrevjinga, medan mindretalet, som var dei kommunale representantane i utvalet, meiner at framleis lokal skatteinnkrevjing under kommunalt ansvar er den beste løysinga. Finansdepartementet og Skattedirektoratet sine representantar i utvalet har gjort greie for korleis ein eventuell statleg skatte-innkrevjingsmodell skal formast. Truleg er denne løysinga i tillegg til statleggjering ei lite god ordning for skatteinnkrevjinga i Noreg.

Dagens organisering av skatteinnkrevjinga, med lokale skatteoppkrevjarar i kommunal regi, fungerer særst godt. Å eksperimentere med nye statlege organisasjonsmodellar er ikkje modernisering av offentleg sektor, dersom ein ikkje kan dokumentere meir effektive og/eller betre tenester. Skatteinnkrevjingområdet er i tillegg eit lite egna område å eksperimentere på, fordi ei resultatforverring på 0,5% i innbetalte skattar utgjer mellom 1,5-2 milliardar lågare skatteinntekter på landsbasis.

Når fleirtalet i utvalet gjennom NOU 2004:12 Betre Skatteinnkrevjing tilrår at ansvaret for skatteinnkrevjinga skal overførast frå kommunene til staten synest det som om argumenta i første rekke å vere av prinsipiell karakter. Effekta av ei statleggjering er ikkje utreda, og det er vanskeleg å kunne argumentere for at det er noko å tene på ei statleggjering av skatteinnkrevjinga.

Av omsyn til bl.a. kor brukarvennleg dagens skatteinnkrevjing er, innbyggjarane sin rettstryggleik, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll og dagens gode løysingsgrad for inndriving av skattekrav må skatteinnkrevjinga framleis vere ei kommunal oppgåve.

Det er særst viktig at det faglege moderniserings- og forbetningsarbeidet held fram. Utvalet sine forslag i denne samanheng vil vere eit positivt bidrag til ei endå betre kommunal teneste overfor innbyggjarane.

Saksopplysningar:

Etter nesten 40 års utgreiing fastsette Stortinget dagens skattebetalingsordning. Ordninga, som fall på plass i perioden 1957-1965, har som bærande prinsipp at same instans ikkje både skal fastsette skatten (gjennomføre likning) og krevje inn skatten. Stortinget har bestemt at dette prinsippet skal gjennomførast ved at dei statlege likningskontora fastsett skatten gjennom likning og dei kommunale skatteoppkrevjar-kontora krev inn skatten. Den norske skattebetalingsordningen er basert på ei klar og eintydig arbeidsdeling mellom likningskontora og skatteoppkrevjaren. Dagens ordning er robust og effektiv. Det er dokumentert at den norske skattebetalingsordningen kan syne til resultat i verdsklasse, med løysingsgrad på mellom 99% og 100% av utlikna skatt. Resultata kan kanskje verte endå betre og løysingane meir kostnadseffektive med noen av forbetningsforslaga som utvalet listar opp, men det kan også skje innanfor dagens modell.

Eit av ankepunkta er at det i dag finst ei mengde kontor på dette området som har avgrensa myndigheitsområde (likningskontor, skatteoppkrevjarkontor, fylkesskattekontor, skattefogdkontor og skattedirektorat) og som gjer at publikum kan ha vanskar med å orientere seg til rett kontor.

Fleirtalet i utvalet er for ei statleggjing av skatteinnkrevjinga og grunnjev dette med at ei statleg organisering av skatteoppkrevjinga er det mest naturlege når ein vurderer oppgåva sitt innhald. Ei statleg organisering vil gje betre ressursutnytting og betre resultat, og den vil legge til rette for ei meir brukarorientert innretning av heile skatteforvaltninga.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen finn grunnlag for å hevde at staten sin skisserte organisasjonsmodell ikkje er god for den veletablerte skattebetalingsordningen i Noreg. Modellen kan truleg føre til at:

- Skatteoppkrevjarkontora vert redusert til statlege tvangsinnkrevjingskontor
- Skatteinnkrevjinga vert sentralisert
- Redusert rettstryggleik
- Redusert brukarvennlegheit for innbyggjarane

Denne statlege modellen er ukjent og ein unorsk måte å drive skatteinnkrevjing på. Han kan føre til stor avstand og dårleg kommunikasjon mellom skattytar og skatteoppkrevjar, og det grunnleggjande kravet om rettstryggleik for skilje mellom fastsetjing av kravet og innkrevjing av kravet er ikkje lenger oppfylt.

Fleirtalet i utvalet sitt forslag kring organiseringa fører til at skatteoppkrevjarkontora vert omdanna til tvangsinnkrevjingskontor, som berre arbeider med tvangsinnkrevjing av skattar og avgifter. I dagens kommunale organisasjonsmodell er tvangsinnkrevjing ei av fleire andre oppgåver. Av andre oppgåver har vi betalingssentral for frivillig skattebetaling, informasjonsverksemd overfor arbeidsgjevarar og skattytarar og vi utfører arbeidsgjevarkontroll, med andre ord - vi utfører alle skatteinnbetalings-funksjonar. I det statlege organisasjonsforslaget vert kontora berre tvangsinnkrevjingskontor, og det vanskeleggjer god dialog mellom skattytar og skatteoppkrevjar. Det vert også vanskeleg å ha fleksibel innkrevjing slik vi har i dag. Ved ei statleg organisering vil ein miste evna til å sjå ein skattytars situasjon i samanheng og skattytarane kan verte kasteballar mellom dei ulike offentlege kontora.

Med dagens ordning har vi eit skatteoppkrevjarkontor i kvar kommune. Vi har god kommunikasjon og gode resultat. God skatteoppkrevjing er langt på veg synonymt med god kommunikasjon mellom skattytar og skatteoppkrevjar. Dersom den statlege organisasjonsmodellen som er lagt fram vert gjennomført, får vi truleg maksimalt eit dusin store tvangsinnkrevjingskontor. Dette fører til dårlegare tilbod til næringsliv og skattytarar i distrikta, utarming av innkrevjingsmiljøa i kommunane og sentralisering av arbeidsplassar.

Skatteinnkrevjinga, slik den er i dag, er med på å oppretthalde det økonomiske sjølvstyret. Det er avgjerande for eit levedyktig, lokalt demokrati å kunne påverke eige inntektsgrunnlag, og det skal vere ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på lokale, kommunale budsjett. Vedtaket om at kommunene igjen skal få ein del av firmaskatten som kommunal inntektskjelde og komande endringar av inntektsutjamninga er dømer på tiltak som er meint å etablere ein slik positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommunen. Skulle ansvaret for innkrevjinga bli overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunen felle vekk, vert kommunen sin muligheit for å kunne påverke sitt inntektsfundament redusert.

Utvalet gjennomførte ei undersøking som syner at mange tilsette på dagens skatteoppkrevjarkontor også har andre oppgåver knytt til innkrevjing av kommunale krav. Over 200 kommunar svarte at skatteinnkrevjinga er ein del av eit større miljø i kommunen. Ei statleggjing av oppgåva fører til svekka kompetanse på innkrevjingsområdet i kommunane, og Ulstein er ikkje noko unntak her.

Det statlege forslaget til organisasjonsmodell er i strid med Stortinget sin føresetnad om at same instans ikkje både skal fastsette skatten og krevje inn skatten. Dette fordi forslaget legg til grunn at fastsetjing (likning) og innkrevjing av skatten skal utførast av same kontor. Gjennom ei slik organisering aukar truleg risikoen for at innfordringsmessige omsyn vert teke ved fastsetjing av skatten og fastsetjingsomsyn under innkrevjing. Konsekvensen kan bli redusert rettstryggleik for skattytarane.

Løysingsgraden i det norske skattebetalingssystemet er unik. Det er dokumentert at dei små kontora har minst like høg løysingsgrad som store kontor, og det er difor ikkje noko å tene på ei sentralisering av oppgåva.


I ei omfattande undersøking utført av Norsk Gallup i 2002 gir næringslivet kommunale skatteoppkrevjarkontor vesentleg betre score enn dei sentraliserte, statlege skattekontora ved målt tilgjenge, sakshandsamingstid, osv. Statleg organsiasjons-modell som no vert lagt fram vil medføre ytterlegare redusert brukervennlegheit, fordi ei sentralisering fører til økt avstand mellom skattytar og skatteoppkrevjar.

Tilråding frå Rådmannen:

1. Ulstein Formannskap rår til at skatteoppgåvene som er omhandla i NOU 2004:12 framleis skal bli utført av kommunane. Formannskapet kan ikkje sjå at ei statleggjing av desse oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre innfordringsresultat enn det kommunane oppnår i dag.
2. Erfaringane ein har med skatteinnkrevjing lagt til kommunen er positive. Moment som omsynet til innbygarane sin rettstryggleik, skatteinnkrevjinga sin brukarvennlegheit, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom innsyn og kontroll av folkevalde, og fleksibilitet med omsyn til innfordring av skattekrav gjer at Formannskapet i Ulstein går inn for at skatteinnkrevjinga framleis skal vere ei kommunal oppgåve.
3. Ulempene med statleggjing av skatteinnkrevjinga er større enn fordelane. Dette gjelder både for kommunen og for innbygarane. Dei fordelane som er vist kan ein oppnå med interkommunalt samarbeid. Dette er betre enn om staten tek over oppgåvene.

4. Staten bør i denne prosessen sjå kommunane som eit talerøyr for innbyggjarane .
Formannskapet føreset at staten lyttar til, og legg vekt på lokalnivået og brukarane sitt beste i den vidare handsaminga av saka.

Ulsteinvik, 31.08.2004


Hans Jakob Sandanger
rådmann